



Referat møte i Samarbeidsutvalet Solsida Barnehage 19.10.2021

Presentasjon og val av leiar i Samarbeidsutvalet (SU)

Desse møtte:

Mariell Skildheim

Lars H Kvist

Ingri Martine F Maccsik

Camilla K Olset

Britt K Urnes

Andrine H Ness

John Aarberg

Malin T Skagen

Lars H Kvist er valt til leiar av Samarbeidsutvalet 2021/2022

Presentasjon av SU sine oppgaver og gjennomgang av referat frå sist møte.

Godkjenning av årsplan for Solsida Barnehage

Vedtak: Årsplanen er godkjent.

Oppsummering av drøfing:

Det er ein fin årsplan, den gir eit godt inntrykk. Kjekt med bildene og kjekt å lese kva ein legg vekt på i barnehagen. Kalenderen er særst generell fordi den gjeld sju ulike avdelingar, og fordi den vert publisert for eit heilt år. Kanskje kalenderen har utspelt si rolle? Månadsplan/vekeplanar frå avdelingane erstattar kalenderen. Kan ein få årsplanen inn i barnehageappen? Det må vi sjekke, kanskje den ikkje treng trykkast opp? Kan årsplanen ligge på nett? Ja, den ligg på heimesida til [Solsida Barnehage](#) under Barnehagen sin planar. Bra at planleggingsdagane står i planen.



Val av foreldrerepresentant – evaluering av metode

I år spurde vi etter kandidatar i forkant, og avklarte før møte kven som kunne stille. Vi stemte utfrå ei liste. Det var høve til å stemme både elektronisk og på papir. Dette fungerte godt.

Vi held fram med denne måten å gjennomføre val på.

Forbetringspunkt:

- Viktig å avklare om dei som har to barn skal stemme ein eller to gonger.

Personalsituasjonen i Solsida Barnehage

Vi er no bemanna i tråd med pedagognorma. Vi har sju tilsette med fagbrev i Barne- og Ungdomsarbeiderfaget. Tre tilsette tek vidareutdanning knytt til barn med særskilde behov. Gjennomgang av sjukefråværsoversik, -det går rett veg.

Barnehagesatsinga og HelseIarbeid

Prosjekt knytt til å få stabelitet på avdelingane, og betre arbeidskvardagen for medarbeiderane i Solsida Barnehage. Presentasjon av prosjekta, gjennomgang av mål og tiltak.

Innspel frå SU:

- Viktig å få fram det ansvaret kvar og ein har for å ta vare på kroppen sin slik at ein er sterk nok til å utføre jobben sin. Styrketrening –viktig med god kjernemuskulatur.
- Er det mogeleg å få til noko fellestrening? For tilsette i Solsida. Det er ofte lettare når ein gjer noko i lag. Gjerne slik at ein kan velje mellom ulike tider og ulike typar trening.
- Personalet saknar massasje, det hadde vi i arbeidstida tidlegare. Er det mogeleg å få til att?

Økonomi

Informasjon om situasjonen knytt til Kompetanseteam og PPT.

Budsjettprosess i Sunnfjord Kommune, behov for omfordeling, driftsbudsjett pr barn bør vere mest mogleg likt i kommunen.

Gjennomgang av større innkjøp i Solsida barnehage, både gjennomførte og framtidige. Stadfesting av at **prompetrollet*** på Haugum dessverre framleis er med oss etter utskifting av ventilasjonsanlegg.

Kommentert [EH1]: Ei sylleg, ubehageleg lukt som dukka opp på avdeling Mars og Saturn i 2016. Lukta variere i styrke, og det har vore prøvd ut mange tiltak for å fjerne den.

Foreldreapp

Løyveskjema kjem snart i appen.

Er det greit å berre sende informasjon via appen no, eller bør det framleis sendast på epost i tillegg? Må sikre att alle får informasjon via appen før ein kuttar epost. Kanskje foreldra kan hake av kvar dei ynskjer informasjon?



Greitt å merke seg at alle tilsette i barnehagen kan sjå meldingar frå føresette.

Satsingsområdet

Informasjon om søknad om kompetansemidlar og satsingsområde framover knytt til inkluderande barnehage.

Tradisjon for skulestartarane

Vi har vedtek eit heildagsopplegg framfor overnatting. Vi reiser på tur på dagtid, kjem att når barnehagen stenger, lagar middag og kosar oss. Vil at dette skal vere ein merkedag, noko ungane gledar seg til. Det skal vere kjekt, høgtideleg, litt magisk og spennande. I 2021 vart skulestartarane hente kl 20:00, fekk ikkje tid til alt personalet hadde planlagt, men usikker på kor langt utpå kvelden ein bør strekke det.

Fotografering

Pr i dag er opplegget at personalet i barnehagen skal ta eit gruppebilde og sende til foreldra på epost. Ikkje alle avdelingane fekk gjennomført dette i sist barnehageår. Bilda fekk dårleg kvalitet når dei vart sendt på epost, det var ikkje ei god løysing dersom ein vil skrive ut og ramme inn bildet.

Foreldra saknar opplegg med fotograf. Reiakvam har ei løysing der foreldra må bestille gruppebilde og evt protrett i forkant. Kanskje det går å få ei slik løysing med berre gruppebilde? Vi tek det med oss til drøfting i ped.leiar gruppa.

Saker til vårmøte

- 17 mai –kven tek fana til og i toget.
- Dugnad
- Foreldremøte til våren?
- Tilvenning – sårbart for fråvær.